

Hamar, 16.06.10.

Til Landbruks- og matdepartementet

INNSPEL FRÅ FJELLREGIONSAMARBEIDET TIL NY STORTINGSMELDING OM JORDBRUK, SKOGBRUK OG FOREDLING

Kort oppsummering av hovudsynspunkta frå Fjellregionsamarbeidet:

Landbruket gjev grunnlag for mykje av sysselsetjinga og busetnaden i fjellbygdene. Landbrukspolitikken er difor svært viktig for utviklinga i fjellområda. Det er også slik at det allsidige landbruket i fjellområda produserer fellesgode som legitimerer jordbruksavtalen og importvernet, og dermed er avgjørande for at det også kan ytast støtte til jordbruksproduksjon i meir sentrale område av landet.

Fjellregionsamarbeidet vil peike på følgjande som det aller viktigaste for å sikre ei god utvikling i fjellbygdene:

- Dei **grasbaserte produksjonane** må styrkast, dette gjeld særleg mjølkeproduksjonen. Økonomien i produksjonane må betrast for at ikkje den dramatiske nedgangen skal halde fram. Det må sikrast gode finansieringsordningar for investeringar
- **Beitebruken** er ein berebjelke for dei grasbaserte produksjonane. I ei framtid der fokuset på matforsyningsgraden blir stadig større, må beitebruken haldast oppe og helst auke, da det bare er slik vi kan utnytte dei store arealressursane i ut- og innmark. Beitebruken gjev også fjellbygdene sitt særprega kulturlandskap. Økonomien i å ha dyr på beite må difor styrkast, og rovdyrpolitikken må sikre beitebruken. Sauehaldet er viktig for å halde kulturlandskapet i hevd så ikkje fjellområda gror att
- **Rekrutteringa** til landbruket i fjellbygdene må sikrast gjennom gode velferdsordningar, støtteordningar og utvikling av fleksibel utdanning innan naturbruk
- Landbruket i fjellbygdene leverer areal og kulturlandskap til **reiselivet**, medan reiselivet gjev marknadsgrunnlag for lokalprodusert mat og sal av opplevingar og utmarksbaserte produkt. Eit betre samarbeid mellom næringane er difor viktig
- **Lokalprodusert mat** må få innpass hos dei store matkjedane og i reiselivet
- Dei store **verneområda** innan fjellkommunane må forvaltast slik at det er mogleg å drive eit landbruk i utvikling også der. Fjellregionsamarbeidet meiner ei slik forvaltning må skje lokalt eller regionalt

Innleiing

Fjellregionsamarbeidet vil med dette gje sitt innspel til ei ny stortingsmelding innan jordbruks-, skogbruks- og matområdet. Fjellregionsamarbeidet er eit regionalpolitisk samarbeid mellom fylkeskommunar, regionar og einskildkommunar i Sør-Noreg, der fjellområda er ein viktig del av ressursgrunnlaget, og ein føresetnad for næringstilpassing, kultur og livsvilkår (sjå www.fjellregionsamarbeidet.no). Innan våre område er det om lag femti kommunar som ligg nær høgfjellet, og som har klima og næringsgrunnlag påverka av dette.

Fjellregionsamarbeidet tar i dette innspelet utgangspunkt i det som særpregar landbruket i fjellområda og kva for moglegheiter dette gir, og kjem så med forslag til tiltak som vil gagne fjellbygdene. Vi vil såleis ikkje kommentere den generelle landbrukspolitikken, men ein del av forslaga vil sjølvsagt også ha verknader i andre område. I samband med dette vil vi minne om at det allsidige landbruket i fjellområda framleis produserer fellesgode som t.d. kulturlandskap og spreidd busetnad. Dette er med på å legitimere jordbruksavtalen og importvernet, og er dermed avgjørande også for landbruket i meir sentrale område av landet.

Fjellregionane i Sør-Noreg fekk i Stortingsmelding 25 (2008-2009) ”Om distrikts- og regionalpolitikken” for fyrste gong eit eige kapittel i ei slik melding. Meldinga viser til dei særlege grunnane for å definere ein eigen politikk for fjellområda. Desse områda har også sterke fortrinn, som er skildra i stortingsmeldinga.

I ei ny landbruks- og matmelding må måla for norsk landbruk gjørast tydelege. Hovudmålet må vera å skapa sikre og gode rammevilkår for matproduksjon i heile landet, noko som vil auke ressursutnyttinga og med dette sjølvforsyningsgraden i Noreg. Dette vil ikkje bare bremse, men også stoppe nedbygginga av dyrka areal. Det multifunksjonelle landbruket og det unike kulturlandskapet som kjenneteiknar Noreg vil framleis kunna produsere høgt verdsette fellesgode. For å kunna oppnå dette er det er det ein føresetnad at økonomien i landbruket blir påreknelig og tilstrekkeleg god. Dersom inntektsutviklinga ikkje blir betre framover vil ein sjå en dramatisk verknad på busetnaden i distrikta og fjellbygdene.

På bakgrunn av den store tydinga landbruket har i fjellbygdene bed difor Fjellregionsamarbeidet om at fjellandbruket blir via spesiell merksemd i den nye stortingsmeldinga om landbruk og mat.

Fjellandbruket og fjellbygdene

Sysselsetting og busetnad

Landbruket er i mange fjellbygder svært viktig for sysselsetjinga, med opp mot 25 % av dei sysselsette i einskilde kommunar. Landbruket skapar også store ringverknader for andre næringar i desse kommunane. Svært mange fjellkommunar har også ei omfattande og viktig reiselivsnæring. Landbruket er viktig i høve til reiselivet; som leverandør av eit flott kulturlandskap i innmarka, og ved at beiting hindrar atgroing av utmarka.

Rammevilkåra for landbruket er difor grunnleggande viktige for dei fleste fjellkommunane, da det utgjør så mykje av den direkte og indirekte sysselsetjinga, og dermed gjev grunnlaget for busetnad. Landbruket er også avgjørande for den spreidde, grendevise busetjinga og der store arealressursar kan bli nytta til beiting og dyrking. Det gjev med dette grunnlaget for ein berekraftig matproduksjon i lokalsamfunn med store variasjonar, rike tradisjonar og høg livskvalitet.

Jordbruket

Jordbruket i fjellområda er i sterk grad prega av grasbasert produksjon; dvs. storfehold, sau og noko geitehold, men med nokre regionvise skilnader, og med store unytta moglegheiter. Mjølkeproduksjonen er ryggraden i fjellbygdene, men denne har hatt ein dramatisk nedgang. Dei grasbaserte produksjonane bygger i stor grad på utnytting av lokale ressursar, og må difor definerast som miljøvenlege. Høgda over havet og seinare vekst gjev produkt frå fjellandbruket eit særpreg når det gjeld smak og næringsinnhald.

Dei tøffare klimatiske tilhøva gjev likevel ein kortare vekstsesong, slik at produksjonane i fjellbygdene er meir arealavhengige enn jordbruket i låglandet. Driftseiningane er i einskilde bygder brattlendte, og dei er jamt over mindre enn på breibygdene. Denne topografien kan gje utfordringar knytte til samarbeid og samdrift.

Beiteressursane i utmarka og utnyttinga av desse er større i fjellområda enn andre stader, og dette er ressursar som elles ikkje hadde vorti nytta. Mange fjellområde har mykje rovdyr, noko som er utfordrande når hovudproduksjonane er avhengige av beitebruk.

Det meste av setringa som er att i Norge skjer i fjellområda i Sør-Norge, og seterbruket er med på å oppretthalde ein svært viktig kulturlandskapstype.

Skogbruket

Skogen er også viktig i fjellbygdene, både som virkesproduserande bar- og lauvskog og som verneskog. Ved dei klimaendringane som nå skjer, kryp skoggrensa stadig høgare oppover i fjellbandet. Dette vil i framtida gje større skogareal. Noko av skogen i fjellbygdene veks i bratte område og kan vera vanskeleg tilgjengeleg, og mange stader er einingane små. Satsingsområdet bioenergi har i desse områda eit stort potensial.

Allsidig ressursbruk

Fjellandbruket har til alle tider vori prega av at ein har nytta ressursane både frå jorda, skogen og utmarka, og at ein i tillegg ofte har henta inntekter frå handverk og reiseliv. Denne allsidige ressursbruken vil også i framtida vera viktig for fjellandbruket. Grunlaget for å vidareutvikle den allsidige ressursbruken og skapa seg eit levebrød frå kombinasjonar mellom landbruks- og tilleggsnæringar er difor godt i fjellbygdene.

Utmarksnæringar

Fjellandbruket er ofte nært knytt opp mot utnytting av utmarka, til jakt og fiske, beiting og sanking av bær og fôr. I våre dagar er den næringsmessige utnyttinga ofte knytt opp mot reiselivet, med sal av jakt og særleg fiske som opplevingar. Andre nyttingsmåtar er turar med guide, overnatting i eigne husvære og uttak av råvarer til foredling.

Verneområde

Mange av fjellkommunane har store område som er verna. Dette gir moglegheiter for næringsutvikling, men kan også gjøra det vanskelegare å utvikle næring knytt til landbruk og utmark. Verneområda er ein føremon som vil tyde meir og meir i framtida, og desse må difor verdsetjast høgt.

Foredling

Det har skjedd ei omfattande sentralisering av foredlingsanlegg for råvarer frå både jord- og skogbruket. Mange fjellområde står difor utan slike anlegg, og har lange avstandar til meieri, slakteri og sagbruk. Samvirkeorganisasjonane må framleis ha ein rolle for å sikre ein desentralisert jordbruksproduksjon.

Utfordringar og moglegheiter for landbruket i fjellbygdene

Fjellregionsamarbeidet har her sett fokus på dei utfordringane og moglegheitene vi meiner er vesentlege for å oppretthalde eit levande jordbruk og skogbruk i våre område.

Generasjonsskifte/rekruttering og utdanning

Ein føresetnad for å sikre vidare drift på dei einskilde bruka er at drifta må vera økonomisk lønsam.

Generasjonsskifta skjer i dag seint, og den nye brukaren har ofte tileigna seg annan kompetanse enn den landbruksfaglege, da det er få framtidige bønder som vel naturbruk i vidaregåande skule. Kompetansen gjev gode moglegheiter for å utvikle tilleggsnæringer på garden, men dette krev også andre og meir fleksible løysingar for å tileigne seg landbrukskompetanse enn dei tilboda som finnast i dag. Det er viktig å sikre at dei som overtar ein gard kan skaffe seg kompetanse innan jord- og skogbruksdrift, utmarksutnytting og utvikling av tilleggsnæring spesielt for fjellområde. Nettbaserte og fleksible tilbod kan vera ein viktig utdanningsmåte i fjellbygdene.

Forskning og utvikling

Forskning og utvikling må prege landbruket slik som samfunnet for øvrig. Det er viktig å behalde den eksisterande forskingsverksemda i fjellregionane, m.a. for å dokumentere dei spesielle kvalitetane knytta til mat produsert i fjellet.

For fjellandbruket kan det vera ei utfordring å endre tradisjonar og kultur slik at dei tilpassast nye samfunnsstrukturer og endra etterspurnad. Forsking må i sterkare grad nyttast som grunnlag for vidareutvikling og tilpassing til endringar, slik som endringar i klima, krav frå forbrukarane og anna. Det må utviklast betre system for å nytte forskingsbasert kunnskap i landbruksnæringsane.

Reiselivet

Fjellområda i Norge har svært lange tradisjonar innan reiselivet, og mange gardar har henta mykje av inntekta si frå overnatting og matsservering i bygda og på setra i fjellet. I tillegg til mykje reiseliv knytta til både nasjonalparkar og andre fjellområde, er det slik at ein svært stor del av alle privathytter i Norge ligg i fjellområde. Hyttefolket etterspør mange varer og tenester frå bygdefolk, og det er vesentleg å kunna utnytte både denne marknaden og resten av turistmarknaden som grunnlag for utvikling av tilleggsnæringer. Samarbeid mellom bønder og andre næringsdrivande er ein føresetnad, og landbruket må i mykje større grad framhevast som ein viktig del av reiselivsproduktet.

For å utvikle reiselivet som eit tillegg til landbruket er det viktig at kompetansetilbodet og rammevilkåra blir utvikla vidare.

Utnytting av utmarka

Dersom ein vil utvikle næringsverksemd i utmark er det ikkje alltid dette fell innunder definisjonen av landbruk i plan- og bygningslova (PBL). Dersom kommunen nyttar den utvida definisjonen av landbruk i plangrunnlaget er dette enklare, og det er også mogleg gjennom områderegulering å gi større rom for nytting av utmarka. Det kan likevel vera grunn til å vurdere om innhaldet i landbruksomgrepet i PBL kan endrast slik at det i utgangspunktet også omfattar utmarksnæringsane. Nore og Uvdal kommune gjennomfører nå eit prosjekt for å finna omfanget av utmarksnæring i kommunen, og kva for handlingsrom som finnast i høve til PBL.

For dei grunneigarane som har store verna areal knytt til eigdomane sine kan det ligga store avgrensingar knytt til kva slags næringsverksemd dei kan drive. Særleg i samband med villreinforvaltninga ligg det sterke restriksjonar knytt til auka ferdsel og liknande problemstillingar, noko som gir store utfordringar for næringsutviklinga i desse bygdene.

Lokale matspesialitetar

I fjellområda er det lange tradisjonar innan foredling av eigne råvarer. Det er også ein stor unyttta marknad innan reiselivet for å selja lokale matspesialitetar. Utfordringa er gjerne å få kopla aktørane saman, å få til ei bra ordning for logistikk og distribusjon og å produsere nok til å få opp ein etterspurnad. Samarbeid med andre om slik produksjon kan også vera ei løysing – det er ikkje sikkert at det er bonden sjølv som skal foredle råvarene sine, men kanskje heller naboen, som har meir kapasitet til å arbeide med dette.

Innlandsfisk er ein stor ressurs i mange fjellområde, og kan nyttast både i høve til fiskekort for fritidsfiske, og til næringsfiske. I høve til næringsfiske ligg det ein del utfordringar i høve til fangst og foredling, og det er viktig å halde fram utviklingsarbeidet rundt dette.

Fjellregionsamarbeidet har store forventingar til Matkjedeutvalet som er sett ned. Dersom lokalprodusert mat og tradisjonsprodukt kan få innpass i dei fire store matvarekjedane, vil dette kunna gje ein stor meirverdi for fjellandbruket.

Konkrete tiltak for fjellandbruket og –bygdene

Jordbruk

Mange av dei foreslåtte tiltaka er knytt til jordbruksavtaleinstituttet, men Fjellregionsamarbeidet vil likevel peike på dei, og meiner at den nye landbruksmeldinga bør gje føringar for i kva for retning det norske landbruket skal utvikle seg.

Tiltak innan grovforbaserte produksjonar

Det er her viktig med tiltak som betrar økonomien, og Fjellregionsamarbeidet vil spesielt peike på:

- Styrking av tilskot for dyr på utmarksbeite
- Styrt økonomi i mjølkeproduksjon og sauehald
- Lempingar på mjølkekvoteordninga i fjellområda
- Auka og likt setringstilskot i heile landet
- Transportstøtteordning for setermjøl
- Det må vedtakast og gjennomførast ein rovdyrpolitikk som sikrar og gjør det mogleg å nytte utmarka, med gode nok erstatningsordningar og tiltak for å avverge tap
- Endre krava for økologisk produksjon til å samsvare med europeiske definisjonar. Lam som har gått på utmarksbeite heile sommaren er eit døme på produkt som er økologiske sjølv om dei ikkje fyller dei formelle krava til å kunna bli merka som dette

Tiltak for å kompensere for topografi og små einingar

- Innføring av tilskot til brattlendte bruk i heile landet
- Større arealtilskot pr. daa på små driftseiningar
- Regelverket for samdrift må vurderast ut frå tilhøva i fjellbygdene

Finansiering av investeringar i jordbruket

- Fram mot innføringa av lausdrift i mjølkeproduksjonen må det sikrast at kvotene til BU-finansiering av tradisjonelt jordbruk blir auka, slik at mjølkeprodusentane kan få støtte til desse kapitalkrevjande investeringane
- Tilskotssatsen for mindre bruk bør aukast, da kostnadene pr. eining blir høgare

- Rentestøtteordninga takast bort, og det rentefrie lånet blir innført att
- Det kan vurderast å greie ut ei BU-ordning med lokal eller regional forvaltning i fjellregionane/-områda

Tiltak for å sikre rekruttering

- Innføring av etableringstilskot ved eideomsverdraging i bygder med fjell- og distriktsutfordringar. Tilskotet knytast ikkje til BU-ordninga, men blir gjeve generelt til alle som overtek
- Regelverket for mjølkevoteordninga blir endra så kvoten kan aukast ved ny brukar
- Velferdsordningane må styrkast i landbruket
- Utdanningstilbod til dei som ikkje har naturbruk frå vidaregåande skule, men som ønskjer slik utdanning som vaksne. Det bør utviklast tilbod både innan jord- og skogbruk, utmarksnæring og entreprenørskap (tilleggsnæring)

Skogbruk

- Tilskot for drift i bratt terreng
- Tilskot for taubanedrift (sett i samanheng)
- Skogfondsordninga må sikrast

Tilleggsnæringar, inkludert utmarksnæring

BU-ordninga må oppretthaldast og styrkast.

Mat/foredling av råvarer frå jordbruket

- Samarbeidsordningar med samvirket om råvaretilgang, distribusjon m.m. Foretaket Gudbrandsdalsmat BA har t.d. inngått eit samarbeid med Tine sine bilar om å frakte matspesialitetar til reiselivsbedrifter og butikkar
- Hotellkjedane må utfordrast til å auke bruk av ta inn lokalprodusert mat
- Det må gjennomførast ei satsing på mat frå fjellområda, med fokus på kvalitet og spesialitetar
- Vurdere innføring av ei merkeordning for Norsk Fjellmat

Reiseliv

- Oppbygging av kompetanse innan reiselivet
- Styrke samarbeidet og auke den gjensidige involveringa mellom landbruksbasert reiseliv og det organiserte reiselivet
- Setja fokus på berekraftig reiselivsutvikling i tråd med den nasjonale strategien

Utmarksnæringar

- Vurdere om innhaldet i landbruksomgrepet i PBL kan endrast slik at det også omfattar utmarksnæringane
- Fjellregionsamarbeidet meiner at alle verneområde skal forvaltast på lokalt/regionalt nivå

Kompetanse/FoU

Fjellregionsamarbeidet ser det som viktig å oppretthalde og vidareutvikle dei forskings- og utdanningsinstitusjonane som er i fjellregionane, Vi vil også støtte opp om nye institusjonar som tar utgangspunkt i dei unike ressursane som fjellområda har.

- Styrke rammevilkår og rekruttering til naturbruksliner og -skular
- Gjøre det mogleg å tilby ”grøne fag” og entreprenørskap innanfor andre studieretningar i vidaregåande opplæring
- Utvikle tilbod om desentralisert og fleksibel agronomutdanning for vaksne

- Det må være eit mål å heve det generelle utdanningsnivået innan landbruksnæringane, og at næringane sjølve definerer kva for kompetanse som er naudsynt

Informasjon om landbruket

- Informasjonen om norsk landbruk og matvarer må sikrast gjennom aktiv marknadsføring og gode kampanjar
- Det er viktig med gode ordningar for matmerking i høve til opphav og kvalitet, slik at interessen for og omdømmet til norskproduserte matvarer aukar og blir enda betre

Med venleg helsing

Svein Borkhus (s)
leiar